

Vedtak formannskapet 29.08.2023:

Høyringsvar – forslag til avverging av skade og bruk av fysisk inngripen i ny opplæringslov og privatskulelova

Formannskapet støttar framlegg til svar på høyring "Forslag til regler om avverging av skade og bruk av fysisk inngripen i ny opplæringslov og privatskulelov" slik det ligg føre. Formannskapet gir høyringsuttale i tråd med saksutgreiinga:

Øygarden kommune støttar at det førebyggjande arbeidet som skal gjerast for å unngå at det oppstår situasjonar som inneber fysiske inngrep vert lovfesta. Dette er viktig for å førebyggje skade. I tillegg bør lovframlegget også omfatte at tilsette i skulen skal kunne gripe fysisk inn mot elevar for å halde ro og orden i klassen, for å avverge at det oppstår situasjonar som kan gje skade på personar eller eigedom.

Øygarden kommune støttar lovframlegget frå regjeringa som gjev lærarane rom for å gripe inn fysisk for å avverge skade på personar eller vesentleg skade på eigedom. Detter et viktig for å tydeleggjere når og korleis tilsette kan gripe fysisk inn mot elevar for å avverge skade.

Øygarden kommune støttar lovframlegget om dokumentasjon og meldeplikt når det blir brukt fysisk makt mot elevar. Dette er eit viktig element for å ivareta rettstryggleiken i skulen, både til dei tilsette og elevane.